

# Arbeidsplan for Rogaland SV i 2023

*Vedtatt på årsmøtet 18.-19. februar*

Arbeidsplanen gjeld for heile Rogaland SV. Både lokallaga og fylkesstyret har ansvar for gjennomføring av planen. Representantskapet skal derfor ha gjennomføring av arbeidsplanen som ei sak på alle møta i løpet av året.

Arbeidsplanen skisserer først nokre langsiktige mål for fireårsperioden 2020-2024. Desse vart vedtatt på årsmøtet i 2020. Resten av planen er ei konkretisering av mål og tiltak i 2023. Valkampstrategien er skilt ut som ein eigen del, og dei to andre delane dekkar arbeid som ikkje er direkte knytt til valkampen.

Arbeidet for å gjera eit best mogleg lokalval skal gå hand i hand med å styrka lokallaga, få fleire aktive medlemmer og ei større breidde blant medlemmene og driva politikktutvikling. Grunntanken i alt politisk arbeid skal vera å skapa oppslutning om venstresida sine idear, og samtidig bygga dei politiske løysingane våre på "rogalandsk grunn": tilpassa dei utfordringane folk møter i kvardagen og i lokalsamfunna her i Rogaland.

Arbeidet i 2023 har slik eit langsiktig mål: Å flytta fram SVs posisjonar både politisk og organisatorisk, slik at me rustar oss til å møta dei store utfordringane i vår tid: Ulikheitskrisa, miljøkrisa og demokratikrisa.

## Overordna mål for Rogaland SV 2020-2024:

- SV skal vera eit folkeparti, med høg oppslutning i heile fylket, i både byar og i distrikta, blant både kvinner og menn, og i både arbeidarklassen og middelklassen.
- SV skal vera ein naturleg alliert for alle som engasjerer seg for sosial rettferd, miljø og folkestyre i lokalsamfunna sine.
- SV skal ha eit tett samarbeid med fagrørsla og interesseorganisasjonar, og ha mange faglege tillitsvalde som aktive medlemmer i partiet.
- Me skal ha lokallag i 20 av dei 23 kommunane i fylket, og eit studentlag ved UiS.
- Rogaland SV skal ha 1200 medlemmer i 2024.
- Me skal ha vidare framgang ved lokalvalet i 2023.
- SV skal stilla lister i 18 kommunar i 2023, og ha folkevalde i desse kommunane etter valet.

## Del 1. Valkampen 2023

I arbeidsprogrammet me går til val på står det “I den komande perioden vil me fortsetta å arbeida for eit grønar og meir rettferdig samfunn. Det vil me gjera med å jobba for miljøkort for alle i fylket, rett til å gå på nærskulen, vera ein sterk forkjempar for jordvern, og for ein trygg Riksveg 13.” Dette er saker me også ønsker å ta sterkt eigarskap til under valkampen.

Samanlikna med valkampen i 2019 vil valkampen i 2023 vara over ein lengre periode. Fleire enn før førehandsstemmer, så me arbeider ikkje mot ein felles valdag, men gjennom ein valperiode med stemmefrist 11. september. Me må derfor vera aktive og synlege i lengre tid. Dette arbeidet er i gang allereie, med lesarinnlegg og kandidatpresentasjonar på sosiale medium.

### Mål

- Tre representantar på fylkestinget og auka representasjon i kommunestyra.
- Vera synlege i tradisjonelle og sosiale medium.
- Ein godt førebudd organisasjon med mange aktive medlemmer.

### Tiltak

- Tett samarbeid og dialog mellom lokallaga, valkamputvalet og toppkandidatane på kommunelistene og fylkeslista.
- Lokallaga skal minna veljarane på å stemma ved fylkestingsvalet i tillegg til kommunevalet.
- Arrangera eit felles møte for å få oversikt over den/dei store saka/sakene i kvar kommune. Der andre lokallag har liknande saker, bør ein bruka moglegheita til å samarbeida.
- Laga ein mediestrategi.
- Vurdera frikjøp av kandidatar og/eller tilsetting av ein valkampmedarbeidar.
- Laga ein møteplan med oversikt over kurs og konferansar i regi av partiet sentralt og samarbeidspartnarar, og spreia informasjon om dette til relevante kandidatar.
- Arrangera eigne kurs for kandidatane i Rogaland.
- Arrangera ein valkampkonferanse for kandidatar, styre og valkampgrupper i fylkeslaget og lokallaga.

## Del 2. Politisk strategi

Me lever i ei brytningstid. Etter tiår der makt og ressursar har blitt flytta frå arbeid til kapital, og frå dei mange til dei få på toppen, ser me no ein aukande misnøye med både dei aukande forskjellane, klima- og naturkrise og innsnevringa av demokratiet. Den raudgrøne sigeren i stortingsvalet 2021 var eit uttrykk for dette. SVs posisjon som raudgrønt opposisjonsparti skal brukast til både å oppnå konkrete forbetringar i folk sin kvardag, og samtidig utfordra marknadsmakta med systemoverskridande løysingar. Me vil vera i dialog med innbyggjarar og organisasjonar i fylket, slik at me både forstår meir og kan få meir gjennomslag. Me skal vera tett på lokalsamfunna og samtidig sjå dei store samanhengane.

## Mål

- Vidareutvikla SVs politikk og få høgare truverd blant folk i fylket på omstillinga til ein grøn og rettferdig økonomi.
- Ha sterkare band til organisasjonar og miljø som står oss nær, med særleg vekt på fagrørsla og miljørørsla.

## Tiltak

- Delta aktivt i arbeidet med prinsippprogrammet fram mot landsmøtet i 2023.
- Vera tydeleg til stades i folkelege mobiliseringar og engasjement i lokalsamfunn over heile fylket.
- Styrka og vidareutvikla samarbeidet med fagrørsla, miljørørsla, Nei til EU, fredsrørsla og andre organisasjonar som står oss nær. Laga samarbeidsavtalar og/eller delta på kvarandre sine møte.
- Bruka kvinnedagen 8. mars, arbeidardagen 1. mai, verdas miljødag 5. juni, dagen for atomvåpenforbod 26. september og dagen for personar med nedsett funksjonsevne 3. desember til å markera SVs politikk på dei aktuelle områda.
- Bruka tradisjonelle medium og sosiale medium målretta for å nå ut til medlemmer og potensielle veljarar. Heva kvaliteten på det som blir lagt ut på sosiale medium, med større del eigenproduserte saker med eit tydeleg politisk budskap.
- Ha gode politiske diskusjonar på representantskapsmøta og gjera fleire politiske vedtak der.

## Del 3. Organisatorisk strategi

Rogaland SV skal stå sterkare ved utgangen av året enn ved starten. Fylkesstyret og representantskapet skal i løpet av året konkretisera og følga opp måla og tiltaka i denne planen. Strategien har som grunnprinsipp at alt arbeid er lokalt og må vera lokalt tilpassa, og skal leggja til rette for at medlemmer og lokallag kan utveksla idear og erfaringar med kvarandre.

## Mål

- 1150 medlemmer ved årsslutt, det vil seia ein netto vekst på 143 medlemmer.
- Verva minst 200 nye medlemmer i løpet av året.
- Sterkare lokallag, som er synlege politiske aktørar i lokalsamfunna, og med godt fungerande styre.
- Lokallag i 18 kommunar (eitt meir enn i dag) og eit studentlag ved UiS.
- Fleire aktive medlemmer som kjenner og er stolte ambassadørar for SV i lokalsamfunna sine, og som veit korleis dei kan engasjera seg i partiet.
- Større mangfald i bakgrunn blant medlemmene, for eksempel med minoritetsbakgrunn og nedsett funksjonsevne. Fleire fagleg tillitsvalde og fleire studentar som medlemmer.
- Sterkare kontakt mellom fylkesstyret og lokallaga, mellom lokallaga og mellom dei folkevalde i kommunar og på fylkestinget.

- Sterkare økonomi i fylkeslaget.

## Tiltak

- Bruka alle representantskapsmøta til å diskutera og planlegga organisasjonsbygginga.
- Gjennomføra ein vervekampanje.
- Ringa alle nye medlemmer og ønska dei velkomen til SV. Lokallaga har hovudansvaret for medlemsoppfølginga, med støtte frå fylkeslaget.
- Ringa alle medlemmer som ikkje har betalt kontingenten i oktober/november.
- Ha opplæring for styremedlemmer i lokallaga på valkampkonferansen.
- Fortsetta med dialogmøte mellom lokallagsstyre og fylkesstyret.
- Starta to nye lokallag: Eitt kommunelag og eit studentlag ved UiS.
- Tilby medlemmene politisk og organisatorisk opplæring, i samarbeid med lokallaga.
- Jobba systematisk med å inkludera (nye) medlemmer og gjera terskelen for å engasjera seg i SV lågare. I dette arbeidet må me mellom anna sjå kritisk på eigen kultur og språkbruk som kan halda potensielle (aktive) medlemmer på avstand.
- Arrangera ein haustkonferanse etter valet der alle medlemmer i fylket blir invitert, og særleg nye medlemmer.
- Ha ein eigen vervekampanje retta mot fagleg tillitsvalde.
- Ha lokallagskontaktar i fylkesstyret som har ansvar for jamleg kontakt med lokallaga.
- Arrangera ei folkevaldsamling for alle folkevalde kort tid etter valet.
- Legga til rette for samarbeid og erfaringsutveksling mellom dei folkevalde, mellom anna gjennom ei eiga gruppe på Facebook. Samarbeidsformer skal vera tema på folkevaldsamlinga. Alle nye gruppeleiarar skal kunna ha ein fadder som er ein erfaren folkevald.
- Få fleire medlemmer til å bli faste givarar til Rogaland SV.
- Samarbeida med SU.

## Vedlegg 1: Arrangementsoversikt 2023/24

28. februar	Digitalt representantskapsmøte på kvelden (Landsstyremøte 1. mars)
<b>17. -19. mars</b>	<b>Landsmøte.</b> Landsstyremøte 16. mars.
<b>April/mai</b>	<b>Valkampkonferanse/valkampsamlingar.</b> Inkludert <b>opplæring av styremedlemmer</b> i lokallaga. Moglege helger er 15. -16. april, 22. -23. april, 29. -30. april og 6. -7. mai (samtidig med representantskapsmøtet).  <i>Fylkesstyret kjem med endeleg forslag til dato, eller årsmøtet gir det nye fylkesstyret fullmakt til å vedta dato etter årsmøtet.</i>
6. mai	Representantskapsmøte. (Landsstyremøte 12. -14. mai)
10. august	Førehandsrøystinga startar
11. september	Valfrist (valdag)
16. september	Representantskapsmøte. (Landsstyremøte 22. -23. september)
<b>30. september – 1. oktober</b>	<b>Folkevaldsamling</b>
<b>28. - 29. oktober</b>	<b>Haustkoneranse</b>
18. november	Representantskapsmøte. (Landsstyremøte 24. -25. november)
13. januar	Representantskapsmøte. (Landsstyremøte 19. -20. januar)
Januar	Lokallagsårsmøte
<b>17. -18. februar</b>	<b>Fylkesårsmøte 2024</b>

## Vedlegg 2: Korleis få 143 nye medlemmer i Rogaland SV i 2023?

Lokallag	Medlemmer 31.12.22	% av medlemmene	Nye medlemmer i 2023
Eigersund	39	4%	6
Gjesdal	29	3%	4
Haugesund	92	9%	13
Hjelmeland	12	1%	1
Hå	24	2%	3
Karmøy	58	6%	9
Klepp	24	2%	3
Randaberg	18	2%	3
Sandnes	131	13%	19
Sauda	19	2%	3
Sola	34	3%	4
Stavanger	345	34%	49
Strand	23	2%	3
Suldal	32	3%	4
Time	81	8%	12
Tysvær	25	2%	3
Vindafjord	19	2%	3
Rogaland (direkte)	2	0%	0
<b>Fylket</b>	<b>1007</b>	<b>100%*</b>	<b>142*</b>

\* Talet gjeikk ikkje heilt opp pga. avrundingar.

143 nye medlemmer (netttotal, der utmeldingar er trekt frå) er ein auke på 14%.

Me har 79 medlemmer som betalte sist i 2021, og som derfor vil gå tapt ved neste årsskifte om dei ikkje betaler.

For å nå målet om netto vekst på 143 medlemmer, må me overslagsvis verva 200 nye medlemmer. Får me få av dei 79 til å betala kontingenten i løpet av året, må me ha endå fleire nye medlemmer.

# Budsjett 2023

vedtatt på årsmøtet 18.-19. februar



Inntekter	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Resultat 2021	Budsjett 2022	Resultat 2022	Budsjett 2023
Offentlig støtte	kr 820 000	kr 1 007 641	kr 720 949	kr 720 949	kr 721 217	kr 742 255	kr 742 255
Bidrag fra fylkestingsgruppen			kr 296 400	kr 296 400	kr 296 400	kr 311 680	kr 311 680
Partiskatt	kr 27 000	kr 40 000	kr 55 000	kr 49 772	kr 50 000	kr 41 203	kr 45 000
Kontingent	kr 80 000	kr 85 000	kr 100 000	kr 104 915	kr 105 000	kr 112 750	kr 112 000
Støtte fra medlemmer	kr 50 000	kr 50 000	kr 60 000	kr 99 693	kr 50 000	kr 43 200	kr 50 000
Refusjoner årsmøte/høstkonferanse/nominasjonsmøte/landsmøte/FT-grup			kr -	kr 213 700	kr 84 000	kr 81 812	kr 42 000
Andre inntekter	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000	kr 3 472	kr 5 000	kr 33 930	kr 5 000
Overføring fra sentralt	kr 150 000	kr -	kr 126 176	kr 231 176	kr 134 400	kr 134 300	kr 137 654
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>kr 1 137 000</b>	<b>kr 1 192 641</b>	<b>kr 1 363 525</b>	<b>kr 1 720 077</b>	<b>kr 1 446 017</b>	<b>kr 1 501 130</b>	<b>kr 1 445 589</b>
<b>Utgifter</b>							
Lønnsutgifter	kr 400 000	kr 650 000	-kr 670 000	-kr 809 777	-kr 680 000	-kr 670 933	-kr 668 271
Husleie	kr 55 000	kr 55 000	-kr 60 136	-kr 60 137	-kr 62 240	-kr 61 743	-kr 61 743
Leie datasystemer	kr 5 000	kr 12 000	-kr 18 000	-kr 21 778	-kr 22 000	-kr 17 959	-kr 18 000
Regnskapshonorarer	kr 45 000	kr 50 000	-kr 40 000	-kr 46 156	-kr 45 000	-kr 37 169	
Kontorutgifter	kr 25 000	kr 24 000	-kr 42 000	-kr 53 562	-kr 25 000	-kr 42 241	-kr 25 000
Aviser, tidsskrifter	kr 8 000	kr 4 000	-kr 6 100	-kr 3 188	-kr 3 000	-kr 3 548	-kr 3 500
Kontingenter	kr 2 000	kr 2 000	-kr 3 000		-kr 3 000	-kr 600	-kr 3 000
Støtte lokallag	kr 25 000	kr 30 000	-kr 25 000	kr -	-kr 25 000		-kr 25 000
Gaver/støtte			-kr 5 000	-kr 10 823	-kr 5 000	-kr 4 692	-kr 5 000
Reklame			-kr 3 500	-kr 409	-kr 3 500	-kr 4 400	-kr 3 500
Bank og kortgebyrer			-kr 1 600	-kr 3 111	-kr 3 000	-kr 2 958	-kr 3 000
Tap på fordringer			kr -	-kr 10			
Øreavrunding						kr 5	
<b>Møter og arrangementer</b>							
Rep.skap./fylkesstyret mm	kr 12 500	kr 12 500	-kr 10 000	-kr 6 000	-kr 12 500	-kr 29 333	-kr 12 500
Fylkestingsgruppa	kr 35 000	kr 50 000	-kr 50 000	-kr 23 096	-kr 50 000	-kr 37 778	-kr 50 000
Årsmøte	kr 50 000	kr 100 000	-kr 20 000	-kr 11 295	-kr 105 000	-kr 138 657	-kr 121 780
Lokallagskonferanse		kr 50 000	-kr 50 000		-kr 40 000	-kr 11 094	
Landsmøte	kr 28 000	kr -	-kr 12 000	-kr 13 477			-kr 19 500
Valgkamp	kr 400 000	kr -	-kr 565 000	-kr 795 359	-		-kr 500 000
Folkevalgsamling	kr 10 000	kr 25 000	-kr 25 000	-kr 35 860	-kr 35 000	-kr 31 988	-kr 45 000
Høstkonferanse/nominasjonsmøte	kr 40 000	kr 60 000	-kr 60 000	-kr 22 722	-kr 129 800	-kr 126 291	-kr 35 000
Reisefordeling LSM/fylkesledermøte	kr 11 000	kr 14 100	-kr 24 700	-kr 24 700	-kr 26 000	-kr 25 950	-kr 26 000
Eksterne arrangement/konferanser	kr 15 000	kr 15 000	-kr 15 000	-kr 9 500	-kr 15 000	-kr 15 780	-kr 15 000
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>kr 1 166 500</b>	<b>kr 1 153 600</b>	<b>-kr 1 706 036</b>	<b>-kr 1 950 960</b>	<b>-kr 1 290 040</b>	<b>-kr 1 263 109</b>	<b>-kr 1 640 794</b>
Renteinntekter	kr 5 000	kr 5 000	kr 3 000	kr 1 787	kr 1 600	kr 4 223	kr 5 000
<b>Resultat</b>	<b>-kr 29 500,00</b>	<b>kr 39 041</b>	<b>-kr 342 511</b>	<b>-kr 229 096</b>	<b>kr 157 577</b>	<b>kr 242 244</b>	<b>-kr 190 205</b>